

Til
Kommunestyrepolitikarane i Lindås kommune

Uttale til økonomiplanen

I tillegg til uttalen frå Utdanningsforbundet sin hovudtillitsvalde til økonomisjefen og formannskapet 17.november (sjå vedlegg), ønskjer Utdanningsforbundet Lindås å leggje til følgjande:

- Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan er laga i tett samarbeid med einingsleiarane. Det er i nokre fora, mellom anna i Administrasjonsutvalet, antyda at innspela frå einingsleiarane skal ha kome etter gode prosessar ute i einingane. Desse prosessane har i stor grad vore fråverande, då innspela i liten grad har vore drøfta med tillitsvalde/hovudtillitsvalde på førehand. Vi hadde på same grunnlag ei tvistesak i 2011, der dei sentrale partane rådde kommunen til betre å ivareta Hovudavtalen sine intensjonar (protokoll 24/8-11).
- I etterkant av uttalen frå 17.november, er Utdanningsforbundet gjort kjend med at økonomiplanen sine kutt i grunnbemanninga i grunnskulen på 8,3 årsverk ikkje inneheld innsparringar som følge av endringar i skulestruktur, men kjem i tillegg. Samstundes som det uroar Utdanningsforbundet at framlegget til økonomiplan legg opp til nedlegging av skular, medan andre prosessar rundt dette berre er i startgropa, fryktar vi at dei endelege kutta i grunnbemanninga i skulen vil kome opp i vesentleg meir enn 8,3 årsverk.
- Statistikk kan vere misvisande, og i så måte vil Utdanningsforbundet peika på nokre punkt: Kostra-tal viser at Lindås kommune bruker meir pengar på skule enn andre kommunar i same kommunegruppe. Om ein derimot går inn i GSI-tala, og samanliknar ein og ein skule med tilsvarande skular i andre kommunar, ser ein at skulane i Lindås ligg på eller under gjennomsnittet når det gjeld ressursbruk. Talet på elevar per lærarårsverk syner tilsynelatande små endringar dei siste åra (ref. oversikt i økonomiplanen). Stor auke i spesialundervisning skjuler her kutta i andre timar. Tidlegare kutt i delingstimar og støttetimar gjer at elevtalet per lærar i den ordinære undervisningane har auka merkbart.
- Utdanningsforbundet vil oppmode til at det blir lagt inn ressursar til lærartimer til leksehjelp. Vi kan ikkje godta at leksehjelpa finansierast med dei timane som i utgangspunktet er tiltenkt ordinær undervisning.

I eit rekneeksempel i saksutgreiinga blir leksehjelp definert som «anna enn undervisning». Utdanningsforbundet kan ikkje godta at lærarar skal yte leksehjelp innanfor såkalla «anna arbeid med elevar» (jfr. arbeidstids-avtalen). Det vil i tilfelle seie at leksehjelpa vil gå føre seg i tida som lærarane i dag nyttar til samarbeid og føre- og etterarbeid. Lærarar som skal yte leksehjelp, må setje seg inn i dei ulike elevane og klassane sine vekeplaner, og ha tett samarbeid med faglærarane, om intensjonane med leksehjelp skal vere innfridde. Tid med elevar som krev føre- og etterarbeid, er undervisning og må såleis gå inn som ein del av lærarane sitt undervisningstimetal.

- Når det gjeld rehabilitering av Alversund skule kontra bygging av ny skule i Alversund, har Utdanningsforbundet følgjande uttale:
Utdanningsforbundet er gjort kjent med at det i eitt år har vore jobba med planar og teikningar for rehabilitering, og at dei involverte i dette ikkje ser at rehabilitering på nokon som helst måte vil gje optimale løysingar. Rehabilitering vil føre til store belastningar for elevar og tilsette i fleire år. Vi har erfaringar frå at rehabilitering både tek lenger tid og blir mykje dyrare enn berekna. Difor vil Utdanningsforbundet tilrå at det setjast av midlar til utgreiing av ny skule, og at utgreiingsarbeidet startar så snart som mogleg.

Vedlegg:
Uttalen frå 17.november

Styret i
Utdanningsforbundet Lindås

Laila Rydland, leiar